

Skogselskapet i Sogn og Fjordane

ÅRSMELDING 2025



SKOGSELSKAPET

Sogn og Fjordane

**SKOGENS
VOKTER**

ÅRSMØTE

ONSDAG 20. MAI 2026

HUGS PÅMELDING

Vi kallar inn til årsmøte 20. mai på Innvik Fjordhotell. Årsmøtet startar med utferd med minibuss til Frøholm sag og Agjeld Gard.

Vil du delta må Ruben R. Bøtun kontaktast, enten på e-post: ruben@skogselskapet.no eller telefon: 9576 1717 seinast 13. mai.

PROGRAM FOR DAGEN:

- KL. 10.30:** Frammøte og kaffi
- KL. 10.40:** Avreise med minibuss eLL.
- KL. 10.50:** Martin Frøholm, Frøholm sag
- KL. 11.25:** Hundreårsfjøs i tre, Agjeld Gard
- KL. 12.30:** Avreise tilbake til Innvik Fjordhotell
- KL. 12.50:** Lunsj
- KL. 14.00:** Årsmøtesaker
 1. Utmerkelsar
 2. Val av møteleiar og to som signerer protokollen.
 3. Årsmelding for 2025
 4. Rekneskap for 2025
 5. Val og fastsetjing av tillitsvaldegodtgjersler
 6. Ev. innkomne saker
- Ca. kl. 15.00** Møteslutt

Vel møtt til årsmøtet!

Med helsing
Skogselskapet i Sogn og Fjordane
Merete Larsmon
leiar



SKOGSELSKAPET

Sogn og Fjordane

STYRET

- Leiar:** Merete Larsmon (på val som styremedlem i 2028)
- Nestleiar:** Oddbjørn Reme (på val som styremedlem i 2028)
- Styremedlem:** Anders Lorentzen (på val som styremedlem i 2026)
- Styremedlem:** Tom Idar Kvam (på val som styremedlem i 2027)
- Styremedlem:** Erlend Herstad (oppnemnd av fylkeskommunen)

VARAREPRESENTANTAR (på val kvart år)

- 1.** Jakob Devig
 - 2.** Olav Høyheim Einan
- Personleg varamedlem for Erlend Herstad:
Bjarte Buttedal (oppnemnd av fylkeskommunen)

Vedtekter



SKOGSELSKAPET

Sogn og Fjordane

Skogselskapet i Sogn og Fjordane har som føremål å fremje forståing av skogen sin mangesidige verdi og arbeide for eit godt skogbruk.

§ 2. SAMANSETNING

Skogselskapet i Sogn og Fjordane er samansett av:

- Direkte medlemmer.
- Støttemedlemmer som er lag, organisasjonar, institusjonar, kommunar, større skogeigedomar, bankar, verksemdar og liknande, som gjennom ein årleg kontingent vil støtte Skogselskapet sitt arbeid.
- Æresmedlemmer.

Årleg betalende medlemmer som i to år etter purring ikkje har betalt kontingent, reknast ikkje lenger som medlemmer i Skogselskapet.

Skogselskapet i Sogn og Fjordane følgjer dei medlemskategoriane og kontingentsatsane som blir vedtekne i Det norske Skogselskap sitt landsmøte.

Skogselskapet i Sogn og Fjordane er tilslutta Det norske Skogselskap og samarbeider med dette.

Medlemmer av Skogselskapet i Sogn og Fjordane er også medlemmer av Det norske Skogselskap.

§ 3. ADMINISTRASJON

Skogselskapet vert leia av styret med hjelp av sekretær og anna administrativt personale. Skogselskapet sitt høgste organ er årsmøtet.

§ 4. STYRET SI SAMANSENING

Skogselskapet skal ha eit styre på fem medlemmer. Ein medlem med varamedlem er oppnemnd av Vestland fylkeskommune. Dei fire andre medlemene og varamedlemmer vert vald av årsmøtet.

Styret sine medlemmer har ei funksjonstid på tre år. Dei fire årsmøtevalde medlemene går ut av styret etter tur, to medlemmer er på val første år, dei to neste åra er eitt medlem på val.

Årsmøtet vel to varamedlemmer i prioritert rekkefølge for eitt år om gongen.

Styremedlemene kan veljast på ny for to periodar i styret. Når ein styremedlem er vald til leiar, reknast ikkje leiarperioden med i den ordinære funksjonstida.

Styret er vedtaksført når minst halvparten er til stades, mellom desse leiar eller nestleiar.

Ved likt røystetal avgjer leiar si røyst saka.

§ 5. GJEREMÅLA TIL STYRET

Styret tek vare på Skogselskapet sine interesser, tek hand om midlar og eigedomar og fremjer Skogselskapet sine føremål på tryggaste og best moglege måte.

Ved omdisponering eller sal av eigedomar (skogeigedomar, planteskule eller annan fast eigedom) skal dette førebuast av styret for årsmøtet som gjer endeleg vedtak.

Styret tilset (eventuelt avset) selskapet sine funksjonærar, og fastset løn og instruks for arbeidet deira.

Styret kan velje eit arbeidsutval med styreleiar og nestleiar som sjølvskrivne medlemmer. Til å fremje føremålet til Skogselskapet kan styret oppnemne tillitsmenn (representantar for regionar, ein eller fleire kommunar).

Styret førebur årsmøtet, og legg fram for dette årsmelding og revidert rekneskap, dessutan oversikt over prioriterte oppgåver for det komande året.

Årsmelding og revidert rekneskap skal sendast til Det norske Skogselskap så snart årsmøtet er halde.

Styret skal utarbeide arbeidsplan og budsjett. Dette skal sendast til Det norske Skogselskap så snart det er klart.

Det skal førast møtebok over styret sine forhandlingar. Utskrift av møteboka sendast til Det norske Skogselskap så snart ho er godkjend av styremedlemene.

Den samla kollektive kontingenten for medlemene skal sendast forskotsvis til Det norske Skogselskap innan 20. april etter medlemsliste.

Skogselskapet skal i høve til utanforståande, t.d. på brevark, vise at det er tilslutta Det norske Skogselskap.

§ 6. ÅRSMØTE

Årsmøte skal haldast kvart år til tid og stad som styret fastset. Årsmøtet skal gjerast kjend på god måte, og minst to veker i førevegen.

Årsmøtet skal leiast av ein vald møteleiar.

Skogselskapet sine direkte medlemmer, æresmedlemmer og støttemedlemmer, har røysterett på årsmøtet.

Styret sine medlemmer har ikkje røysterett når det gjeld årsmelding og rekneskap.

Årsmøtet skal:

- Velje møteleiar.
- Velje to til å skrive under protokollen saman med møteleiar.
- Handsame og gjere vedtak som gjeld styret si årsmelding.
- Handsame og gjere vedtak som gjeld Skogselskapet sin rekneskap.
- Velje medlemmer og varamedlemmer til styret, og velje leiar og nestleiar for eitt år mellom styret sine medlemmer.

f) Velje revisor for eitt år.

g) Velje utsendingar til Det norske Skogselskap sitt landsmøte.

h) Velje valnemnd på tre medlemmer. Eitt medlem tre ut kvart år, første gong etter loddtrekking. Velje leiar for valnemnda.

i) Handsame saker fremja av styret.

j) Handsame innkomne saker.

k) Utnevne æresmedlemmer.

Sakene vert avgjort med vanleg fleirtal. Står røystene likt, avgjer leiaren si røyst saka.

Saker som nokon ønskjer skal takast opp på årsmøtet må sendast inn seinast fire veker før årsmøtet.

Ekstraordinært årsmøte kan kallast saman når styret finn det naudsynt, eller når minst 1/3 av medlemene krev det.

Det skal førast møtebok over årsmøteforhandlingane. Møteboka skal underskrivast av møteleiar og to medlemmer som vert valde av årsmøtet blant dei som har møtt fram og har røysterett.

§ 7. VEDTEKSENDING OG OPPLØYSING

Endring av desse vedtektene kan vedtakast på årsmøtet med 2/3 fleirtal. For å kunne handsamast på årsmøtet, må forslag til vedtektsendring sendast skriftleg til styret minst tre månader før årsmøtet. Skogselskapet sine vedtekter og alle seinare vedtektsendringar skal leggjast fram for Det norske Skogselskap for godkjenning.

Framlegg til oppløysing av Skogselskapet i Sogn og Fjordane skal leggjast fram for årsmøtet. Dersom forslaget oppnår 2/3 fleirtal, skal det leggjast fram for neste ordinære årsmøte for endeleg avgjerd med 2/3 fleirtal.

Dersom Skogselskapet i Sogn og Fjordane vert oppløyst, skal midlar og eigedomar tilfalle Det norske Skogselskap, og av dette nyttast til beste for skogbruket i Sogn og Fjordane.

§ 8. VERKNADSTIDSPUNKT

Desse vedtektene er vedtekne av årsmøtet i Skogselskapet i Sogn og Fjordane 9. mai 2023, godkjend av styret i Det norske Skogselskap 5. september 2023 og gjeld som vedtekter for Skogselskapet i Sogn og Fjordane frå same dato.



Fra venstre: Anders Lorentzen, Erlend Herstad, Tom Idar Kvam, Merete Larsmon og Oddbjørn Reme.

Melding frå styret for 2025

ORGANISASJONEN

Skogselskapet i Sogn og Fjordane er tilslutta Det norske Skogselskap og skal etter føremålsparagrafen i vedtektene fremje forståing av skogen sin mangesidige verdi og arbeide for eit godt skogbruk. Planteskuleeigedommen på 685 dekar på Brandsøy i Kinn er skogselskapet sin base og forretningsadresse.

MEDLEMMER

I 2025 fekk Skogselskapet i Sogn og Fjordane ein netto medlemsframgang på 64 (13%). Ved utgangen av året var det 533 medlemmar.

STYREARBEIDET

Styret har halde 4 møter (3 fysiske, 1 digital) og handsama 36 saker. Det har vore arbeidd med eigedomsforvaltning etter planteproduksjonen, prosjektoppfølgning og økonomistyring.

TILSETTE

Skogselskapet i Sogn og Fjordane har ved utgangen av 2025 fire tilsette, to skogsvegplanleggarar i full stilling, dagleg leiar i full stilling og seniorrådgjevar i 50% stilling.

DET NORSKE SKOGSELSKAP

Landsmøtet i Det norske Skogselskap vert arrangert annakvart år. Det var difor ikkje Landsmøte i 2025, rådsmøte

vart arrangert 27. og 28. oktober på Clarion Hotel Oslo Airport. Styreleiar, Merete Larsmon, i Skogselskapet i Sogn og Fjordane (SSF) deltok på rådsmøtet.

Vidare har Det norske Skogselskap arrangert Teamsmøte for tillitsvalte og tilsette, der Skogselskapet i Sogn og Fjordane har vore representert. Det norske Skogselskap har halde fram med arbeidet for å skape ein stor felles paraplyorganisasjon for alle fylkesskogselskapa I løpet av 2025 vart eigedommen i Wergelandsvegen 23B selt. Ruben R. Bøtun sit i styret i Det norske Skogselskap som representant for dei tilsette i organisasjonen.

REKNESKAPEN FOR 2025

Resultatrekneskapa er gjort opp med eit overskot på kr. 117.685, mot eit underskot på kr. 47.503 i 2024. Bokført eigenkapital ved utgangen av året var kr. 26.117.282.

EIGEDOMEN PÅ BRANDSØY

Eigedommen på Brandsøy representerer ein stor ressurs for Skogselskapet i Sogn og Fjordane på fleire vis. Eigedommen er ei grøn lunge utanfor byen, som genererer inntekter for skogselskapet gjennom utleige til golfbane og hestesport. Vidare er eigedommen ein god base for å arbeide for måla og verdiane til skogselskapet. Det vart i 2025 lagt torvtak på

grindbygget ved Leira badeplass, og sjøarebekken vart restaurert med tilskotsmidlar frå Miljødirektoratet. Med lokalisering nær Florø by, eigen skog, strandlinje og grønne aktivitetar på eigedomen ligg tilhøva godt til rette for å drive informasjonsverksemd om skog og leggje opp til aktivitetar for unge. Det vart avverka 77 m3 med tømmer i 2025, i hovudsak gran sagtømmer og vestamerikansk hemlokk. I løpet av sommaren vart det tilsett ein i sommarjobb som var med å rydda opp etter planteproduksjonen på plante-skulen og gjorde anna førefallande arbeid i Brandsøy.

PROSJEKTSATSINGAR

Prosjekt skogkulturmotivasjon 2025 vart gjennomført med Skogselskapet i Sogn og Fjordane som prosjektansvarleg i godt samarbeid med Skogselskapet i Bergen og Hordaland og AT Skog. Hovudmålet med prosjektet er å auke arbeidet med skogkultur i fylket vårt. Arnt Laukeland var leigd inn og arrangerte skogdagur/kveldar. Vegplanleggarane, Svein Saure og/eller Ruben R. Bøtun var også aktiv deltakar på fagarrangementa. Det vart arrangert totalt 26 fagarrangement med eit deltakartal på 353. Skogselskapet planlegg vidareføring av prosjektet i 2026 med nokre justeringar på gjennomføring av prosjektet i samarbeid med Skogselskapet i Bergen og Hordaland og AT Skog/Framtre.

Prosjekt skogsvegplanlegging: Prosjektet hadde sitt åttande driftsår i 2025. I løpet av 2025 var diverre det ein del sjukfråvær ettersom det var langtidssjukemelding i løpet av siste halvår. På grunnlag av vart Egil Devig leigd inn som ekstra vegplanleggar for å halde i gang ein del prosjekt. Det har vore halde fleire prosjektmøte i lag med Statsforvaltaren for å følgje opp prosjektet. Den 22. og 23. oktober deltok to frå Skogselskapet på Fagsamling Veg i Nordre Follo.

Prosjekt korte kurs i skogbruket: Med finansiering frå Vestland Fylkeskommune gjennomførte Skogselskapet i løpet av 2025 ein kursserie med aktuelle tilbod til skogeigarar og skoginteresserte. I denne perioden vart det gjennomført totalt 38 skogarrangement for 577 deltakarar. Fordelinga av

kursa var som følgjer: 7 apteringskurs/kappekurs, 11 skogfondkurs/skogkveldar, 7 digitale skogkveldar for skogeigarar, 4 PEFC kurs, 4 motorsagkurs for ungdom, 4 skogkveldar for kvinner/vindfallkurs og 1 motorsagkurs for kvinner.

Skuleskogdagur: Det vart gjennomført 18 skuleskogdagur rundt om i fylket fordelt på regionane Sogn (9) og Sunnfjord (9) med ca. 340 skuleborn/elevlar. Fresvik Enspire Skule vart ein av finalistane i Skoglekene, ein nasjonal konkurranse i skogkunnskap og friluftsliv for landets femteklassingar. Eit samstemt styre i Skogselskapet i Sogn og Fjordane ga 10.000 kroner i gåve til skulen for å dekke kostnader for reisa til finalen i Elverum i september.

Vestland Skognettverk: Skogselskapet mottok midlar frå Kystskogbruket for å vere sekretær i Vestland Skognettverk, som er ein interesseorganisasjon for skognæringa på Vestlandet knytt til Skognæringa Kyst SA. I august vart det gjennomført det årlege skogseminaret med skogdebatt blant fylkestingspolitikarar, med om lag 80 deltakarar. Arrangementet vart gjennomført på Voss Sag og Tradisjonsbygg på Fenno i Voss. Elles deltek sekretæren på månadlege digitale informasjons- og drøftingsmøte i Skognæringa Kyst, og på Kystskogkonferansen i Trøndelag i juni.

SKOGSELSKAPET – VIDARE UTVIKLING OG SAMARBEID

Skogselskapet i Sogn og Fjordane har framleis ei god utvikling med auke i medlemstalet og solid økonomisk fundament for aktivitetane som vert drivne. Skogselskapet vonar å halde fram med den gode rekrutteringa også i åra framover og tek sikte på å føre vidare det næringsretta prosjektarbeidet til det beste for framtidsskogen og næringsutøvarane, spesielt med fokus på skogkultur og rett hogsttidspunkt. Vi vil også satse på å hjelpe ungdommar i regionen til å arbeide i skogen som sommarjobb. Vidare vil vi leggje vekt på å samarbeide godt innan skogselskapsfamilien. Ut mot ålmenta vil vi halde fram med tilboda til familiar og born og unge. ☺

Brandsøy, 6. mars 2025

Oddbjørn Reme
Oddbjørn Reme

Merete Larsmon
Merete Larsmon

Tom Idar Kvam
Tom Idar Kvam

Anders Lorentzen
Anders Lorentzen

Erlend Herstad
Erlend Herstad



Natur og helse

Det norske Skogselskap har utarbeida ein kommunikasjonsstrategi for heile organisasjonen som skal vere vegkartet som dannar grunnlaget for det me seier og gjer.

Skogselskapet har tre satsingsområde:

- 🌿 Skog og klima
- 🌿 Skog og skogbruk
- 🌿 Skog og helse

Gjennom våre mangeårige prosjekt med skogdagar, kurskveldar og sommarjobb for ungdom har Skogselskapet i Sogn og Fjordane hatt mykje fokus på skog og skogbruk, men mindre på klima og helse. Difor vart det planlagt ein Natur og helse-kveld i februar 2025 med mål om å nå ut til eit breidt publikum der ein hadde fokus på helsefordelane ved å vere i skogen. Foredragshaldarar med kunnskap om det å bruke naturen for å betre helse vart invitert til å halde innlegg i Sogndal Kulturhus den 3. februar. Anne Inger Borge, Gro Selås, Bente Øien Hauge og Yngvar Andersen samla mellom 240-250 deltakarar i Storsalen denne

kvelden, i pausen vart det servert rømme og spekeskinke frå Voss, i tillegg til heimelaga flatbrød.

Forsker Anne Inger Helmen Borge frå Universitet i Oslo gjekk inn på skogspsykologi, og synte resultat frå forskning på utetid blant barn og unge. Der skogen hadde ein stor betydning for barnas mentale helse og hjernen som viser endring etter tur i skogen, men ikkje i byen.

Overlege Gro Selås på Indre Sogn psykiatrisenter, opprinneleg frå Agder, men busett i Sogn, fortalte om arbeid



med menneske i alle slags livsituasjonar og med mange ulike typar plagar og sjukdommar.

Skogsbadguide Bente Øien Hauge fortalte om sin første erfaring med stupbratte lier i Lærdal i vaksen alder, og hennas inngang til bruk av naturen. Med skogsbad (shinrin-yoko) er det meir fokus på å ta inn skogens atmosfære med alle sansane.

Yngvar Andersen, treningsguru og gründer, haldt eit foredrag der han ikkje kunne unngå å aktivisere publikum med nokre enkle øvelsar. Han formidla om viktigheita med å komme seg over den berømte dørstokkmila, og ein treng ikkje nødvendigvis å vere lenge i aktivitet. Litt er betre enn ingenting.

Etter Natur og Helse-kvelden fekk me mange gode tilbakemeldingar, og dette ga motivasjon til å halde fram med liknande arrangement.

Difor vart det i løpet av hausten 2025 planlagt to Natur og klima-arrangement i februar 2026, og viss det også blir vellukka kan det bli tre Natur og skogbruk-arrangement i 2027 som skal arrangerast i Nordfjord, Sunnfjord og Sogn. 🌿

Tilbakemeldingar
frå publikum:



Eg vil berre sei tusen takk for ein kjempe fin kveld i går, og ikkje minst – tusen takk for at de var så rause med Helse og omsorg i kommunen vår. Me set utruleg stor pris på det! Veldig godt program og god bevertning! Takk for at de ser samanhengar med tenestene våre og dykkar selskap.



Fantastisk lærerik og inspirerande kveld. Ut på tur i grøn natur gir glede i sinn og kropp. Eller som Bente Øien Hauge lærte oss, å berre vere i ro og sanse skogen gir og helse og ro.

Resultatrekneskap pr. 31.12.2025

INNETEKTER	2025	2024
Diverse tilskot	30 000	25 000
Plantosal	23 475	66 905
Sal av diverse utstyr	90 952	21 743
Sal av tenester	384 132	461 631
Tilskot til prosjekt	3 798 796	4 169 407
Festeavgift	160 896	157 200
Diverse leigeinntekter	597 080	648 582
Medlemspengar	80 898	59 277
Info-avgift	0	175
Momskompensasjon	0	25 869
Kursavgift	39 886	92 510
Diverse inntekter	0	14 136
Sum inntekter	5 206 115	5 742 435
UTGIFTER		
Løn, administrasjon m.m.	3 304 477	3 611 903
Plantekjøp	23 987	52 207
Innkjøpte tjenester/varer til prosjekt	1 003 608	1 326 515
Straum, eideomsskatt, forsikringar	189 218	178 237
Verktøy, rekvisita, vedlikehald	186 321	424 186
Vedlikehald uteareal	111 891	86 796
Avskrivningar	181 243	226 246
Andre driftskostnader	262 858	170 556
Sum andre driftskostnader	1 959 126	2 464 743
Sum driftskostnader	5 263 603	6 076 646
Driftsresultat	-57 488	-334 211
Finansinntekter og finanskostnader:		
Renteinntekter	178 636	152 055
Utbytte	8 484	7 952
Gevinst ved aksjesal	0	149 713
Verdiauke aksjar	1 845	1 870
Verdireduksjon aksjar	-13 793	-24 882
Netto finanspostar	175 172	286 708
Resultat Sogn og Fjordane Skogselskap	117 684	-47 503
Overføring til/frå egenkapital		
Resultat overført eigenkapital	117 684	-47 503
Sum overføringar	117 684	-47 503

Balanse pr. 31.12.2025

EIGEDLAR	2025	2024
Anleggsmidler:		
Maskiner, traktor Brandsøy Planteskule pr.01.01.	875 793	
- avskrivningar	181 243	875 793
Brandsøy Planteskule, tomt m.m.	299 948	299 948
Sum anleggsmidler	994 498	1 175 741
Omløpsmidlar:		
Kundefordringar	398 834	1 865 646
Til gode skogfond	8 947	6 928
Andelskapital AT Skog	6 491	5 291
Aksje- og rentefond	19 845 531	19 845 531
Aksjar Skogbrukets Konferansesenter AS	95 201	93 356
Aksjar Ytre Sunnfjord Holding AS	89 378	103 171
Bank	5 673 238	3 482 508
Sum omløpsmidlar	26 117 620	25 402 431
Sum eigedelar	27 112 118	26 578 172
EIGENKAPITAL OG GJELD		
Eigenkapital:		
Eigenkapital pr. 01.01	26 053 598	
Årets resultat	117 684	26 053 598
Gjeld Borregaard skogreisingslån sletta	67 995	
Sum eigenkapital	26 239 277	26 053 598
Kortsiktig gjeld:		
Leverandørgjeld	312 864	221 084
Offentlege trekk og avgifter	162 454	-623
Anna kortsiktig gjeld	247 523	304 113
Avsett tilskot skogsvegprosjektet	150 000	0
Sum kortsiktig gjeld	872 841	524 574
Sum eigenkapital og gjeld	27 112 118	26 578 172

Brandsøy, 6. mars 2026

Oddbjørn Reme

Oddbjørn Reme

Merete Larsmon

Merete Larsmon

Tom Idar Kvam

Tom Idar Kvam

Anders Lorentzen

Anders Lorentzen

Erlend Herstad

Erlend Herstad

Revisjonsmelding Sogn og Fjordane Skogselskap

Underteikna har gjennomgått rekneskap med tilhøyrande lister for Sogn og Fjordane Skogselskap, med avdelingane Brandsøy Planteskule, Brandsøy Planteskule Eigedom og Prosjekt vegplanlegging.


Rekneskapan er gjort opp med eit overskot på kr 117 684,-

So langt vi ser, er rekneskapan ført etter dei reglar som gjeld, og etter god rekneskapsskikk.


V meiner det framlagde rekneskapet med balanse gjev eit godt bilete av den økonomiske stoda til Skogselskapet.

Vi kan dermed tilrå at framlagt rekneskap vert vedteken som Sogn og Fjordane Skogselskap sitt årsresultat for 2025.

Angedalen/Feios 19.03.2026


Asbjørn Grindedal

-sign-


Ole-Johnny Stubhaug

-sign-

Borregaards skogreisingsfond

Fullplanting, med lån frå Borregaards Skogreisingsfond, er avslutta.

Kring 46 000 daa kulturskog av gran er planta til med lån frå fondet, og samla lånesum var 1,7 mill. kr.

Ved førre årsskifte var samla lånesum kr 396.831 fordelt på 50 lån.

Behaldning rentemidlar då året tok til var kr 415.406,08. Renteinntekta for året var kr 831,-.

Behaldninga ved årets slutt var kr 416.237,08.

Det har ikkje vore utbetalingar frå fondet i 2025.



Frå medlemssamling for yngre medlemmar i mai i Brandsøy



Frå seniorsamlinga i desember


Innsamling av eikenøtter i september og oktober

Aktivitetsrapport frå Brandsøy

Skogselskapet i Sogn og Fjordane har dei siste åra hatt fokus på arrangement over heile regionen, men også i samarbeid med Skogselskapet i Bergen og Hordaland. I 2025 har Skogselskapet i Sogn og Fjordane satt rekord i mengd arrangement og deltakarar.

Dette har blitt gjennomført med tilskotsmidlar frå blant anna Statsforvaltaren i Vestland, rentemidlar frå kommunar, Vestland Fylkeskommune, sparebankstiftingar og andre som me er svært takksame for.

Totalt har Skogselskapet i Sogn og Fjordane arrangert 92 arrangement i løpet av 2025 med 1678 deltakarar i nesten heile Vestland fylke. Kartet syner dei kommunane der Skogselskapet har gjennomført eit skogarrangement.



Sommarjobb for ungdom

Etter eitt vellukka første år med sommarjobb for ungdom (JOB:U) i 2024 vart prosjektet vidareført i 2025.

Det vart tilsett 7 ungdommar i Gloppen og Sunnfjord som rydda ungskog. Gjennom sommarjobben fekk dei kurs i ungskogpleie, innføring i skogbruk og mykje erfaring med skogrydding i ung skog i sitt nærrområde.

I løpet av sommaren rydda ungdommane 139 dekar i Sunnfjord og Gloppen kommune. Det er blitt lyst ut stillingar i Stad og Gloppen for 2026, og me ser fram til eit nytt år med sommarjobb for ungdom.



Kontakt mot skular og ålmenta

Det vart gjennomført 18 skuleskogdagar for om lag 338 elevar. Skular me besøkte var i kommunane: Vik, Sunnfjord, Kinn, Fjaler og Sogndal. Det var som regel 5-7. klasse som hadde skuleskogdagar, men me besøkte skuleklassar frå 1. til 10. klasse.

Den 10. juni var det den nasjonale plantedagen, der Skogselskapet i Sogn og Fjordane hadde med seg skuleklassar frå Fresvik og Feios med fokus på viktigeita med planting og korleis ein planter. I Fresvik vart det planta eit juletreffelt på skulen sin eigedom. Fresvik Enspire Skule deltok i finalen i Skoglekene.



Eigedomen

Sommaren 2025 tilsette Skogselskapet Østen Olai Ommedal frå Hyen til å bidra med opprydding på eigedommen, i tillegg til anna arbeid på tomta som skogrydding og grasklypping.

Leira, som ligg like ved eigedommen vår er regulert som offentleg badeplass, har i dei siste åra blitt vidareutvikla. Me har etablert parkeringsplassar, satt opp grindbygg, som fekk torvtak sommaren 2025. I tillegg har det blitt utført tiltak i sjøaurebekken av den lokale entreprenøren Håvard Midtbø. Miljødirektoratet bidrog med 215 000 kroner for miljøforbetrande tiltak i og rundt bekken.



Det blei etablert ein sti med bru over sjøaurebekken

Drift av eigedomen

Utleige: Me leiger ut areal til Sunnfjord Hestesportsenter, Florø Golfklubb og to mindre leigetakarar i område. Det arbeidast stadig med å vidareutvikle område, for å legge til rette for dei som allereie leiger areal, men også dei som nyttar område til rekreasjon. Våningshuset er bortleigd, og i driftsbygninga leiger golfklubben ein del areal. Kinn kommune eit arbeidsrom, resten er nytta til eige drift og utleige av lageroppchal.



Vestland Skognettverk

Dagleg leiar fungera som sekretær for Vestland Skognettverk, ein interesseorganisasjon for skog- og trenæringa i fylket. Skognettverket har eit større skogseminar med skogdebatt på Voss med ca. 80 deltakarar og 8 fylkestingpolitikarar i august. Tema for arrangementet var lokal vidareforedling av vestlandsk tømmer.

Plantelevering

I 2025 leverte me totalt 5 070 planter, fordelt på 4 750 gran, 300 svartor og 20 poppel.



Skogkulturprosjekt og Korte Kurs

Gjennom skogkulturprosjektet vart det arrangert 26 skogdagar med 353 deltakarar over heile Vestland fylke. Prosjektet har som mål å auke motivasjonen til skogeigar for å drive med skogkultur, både skogplanting og ungskogpleie. Gjennom prosjektet vart det tinga 720 dekar med ungskogpleie som enten vart gjennomført i 2025 eller blir gjennomført i 2026. Det vart også tinga 11 500 planter som blir planta i perioden 2025/2026. Prosjektet har i 2025 vore i samarbeid med Skogselskapet i Bergen og Hordaland, i tillegg til skogsamvirket AT Skog/Framtre. I løpet av 2025 vart det arrangert 38 skogarrangement for 577 deltakarar gjennom prosjektet Korte Kurs, som har som mål å auke kunnskapen om skog og skogbruk i fylket. Tema på kursa varierer etter etterspørsel, og dei mest populære kursa i 2025 var fagkveldar (t.d. skogfond). I tillegg held me fram med å arrangere skogkveldar og motorsagkurs for kvinner.



Møter og samlingar


Det vart samling for yngre medlemmar av Skogselskapet i mai, der Husqvarna og Sthil også møtte med eit utval av hogstutstyr. Om lag 20 medlemmar deltok. Den 3. desember var det ei samling for dei eldre medlemmane i Skogselskapet i Brandsøya. Skogselskapet heldt ein presentasjon og Svein Saure fortalte om historia til planteskulen der det blei vist flyfoto frå 1947 og fram til i dag.

Elles har dagleg leiar delteke på månadlege digitale møter med Det norske Skogselskap og andre fylkeslag. I løpet av året har dagleg leiar vore dei tilsette sin representant i styret i Det norske Skogselskap. Styreleiar deltok på rådsmøte 27.-28. oktober.

Skogsdrift

Etter eit år utan hogst i Brandsøya vart det avverka 77 m³ i 2025, med vestamerikansk hemlokk og gran med ein bruttoverti på 60 000 kroner eks. mva. Tømmerhengaren som vart kjøpt i 2024 har dermed blitt brukt og fått litt vedlikehald i løpet av året.

Deler av skogen rundt den nedlagte planteskulen i Brandsøy vart blese ned under stormen Amy den 4. oktober, og det meste er tilgjengeleg og blir levert som tømmer i 2026.



Tømmerhengaren med hemlokk frå Brandsøyåsen

Skogsvegprosjektet

Skogselskapet er prosjektansvarleg for Skogsvegprosjektet som i hovudsak er finansiert av Statsforvaltaren i Vestland. I vegprosjektet har det blitt jobba med til saman 46 ulike vegprosjekt i Vestland fylke. Her tilbyr Skogselskapet gratis rettleiing for skogeigarar som er interesserte i å bygge skogsbilveg for å drive skogen.

I tillegg har vegplanleggarane jobba med fellesplanar i Stad og Hyllestad, Fjaler og Askvoll kommune. Våre to vegplanleggarar Guri Tyssebotn og Asle Lyslo tilbyr rettleiing til planlegging av skogsbilveg i heile Vestland fylke. Me har også leigd inn vegplanleggar Egil Devig frå Sunnfjord til enkeltprosjekt.

Protokoll

frå årsmøtet i Skogselskapet i Sogn og Fjordane

I Brandsøy, Florø, 15. mai 2025 kl. 14.00

I alt deltok 22 personar på årsmøtet. Før årsmøtearrangementet var deltakarane inviterte til foredrag av Torgrim Østgård frå Statsforvaltaren i Vestland med tittelen «STORE planter». Etter foredraget var det orientering om eigeidommen og ei synfaring på næringsarealet som tidlegare blei brukt til planteproduksjon.

Etter lunsj ynskte styreleiar Terje Engvik deltakarane og spesielt administrerande dirktør i DnS, Helene Nygårdsvik Ruud, velkomen til årsmøte. Instruktør Arnt Laukeland held eit kort innlegg om innsatsen som er gjort og kursdagane som Skogselskapet i Sogn og Fjordane gjennomfører.

PRESENTASJON AV ADMINISTRERANDE DIREKTØR I DET NORSKE SKOGSELSKAP, HELENE NYGÅRDSVIK RUUD:

Helene presenterte DnS sitt føremål og fortalte om behovet for å auke allmennkunnskapen om skog og natur blant befolkninga i Noreg. Skogselskapet kan ta rolla som «marknads- og kommunikasjonsbyrået» til skogen, og vere dagens «skogpåverkar/influencer».

Helene var innom Skogsaken, og prosessen i 2024, som no held fram. Eit av tema som vil få meir merksemd er Skog og helse der det er planlagt arrangement i haust. Satsingar for 2025 som rettar seg mot ålmenta er Friluftslivets år, Stolt skogeigar, Brubbyggjar (natur og miljøvern) og Skog på timeplanen (meir skog, mindre skjerm).

SAK 1 VAL AV MØTELEIAR OG TO SOM SIGNERER PROTOKOLLEN

Det var ingen merknadar til innkalling og sakliste. Terje Engvik vart vald til møteleiar, Ruben R. Bøtun til referent. Til å skrive under protokollen vart Jan Myklebust og Ida Øie valde.

SAK 2 ÅRSMELDING FOR 2024

Sidan førre årsmøte hadde Per Kjelstad gått bort. Terje Engvik heldt minneord, og det vart markert med ei stunds stillheit. Årsmeldinga vart sendt ut ilag med innkallinga onsdag 30. april, og styremeldinga vart gjennomgått av Terje Engvik. Året syner framleis ei auke i medlemsmassen, som er gledeleg for Skogselskapet. I årsmeldinga står fondplasseringa oppført med resultat pr. 31.12.2024 på 26,6 %, og Engvik orienterte om eit resultat pr 15.5.2024 på om lag 25 %.

Etter gjennomgangen heldt Ruben Bøtun ein presentasjon om arbeidet i Skogselskapet i Sogn og Fjordane, både for 2024 og litt om arbeidet i 2025. Det vart informert om høg aktivitet med skogdagar, det store JOB:U – sommarjobb for ungdom prosjektet som starta opp for første gong i fylket vårt og arbeidet med opprydding etter planteproduksjonen.

Dagleg leiar har også sekretær-rolla i Vestland Skognettverk, og arrangerte skogseminar med politisk skogdebatt i Voss 26. august 2024. Skognettverket er eit organ i Kystskogbruket, og har eit mål om å auke verdien på skognæringa i Vestland.

Årsmeldinga vart samrøystes godkjent.

SAK 3 REKNESKAP FOR 2024

Terje Engvik gjekk gjennom hovudtal frå rekneskapan. Rekneskapan synte eit underskot på kr. 47 503.

Etter orienteringa følgde spørsmålsrunde og debatt med innlegg om inntektskjeldene som for det meste er tilskot og viktigeita med å informere politikarar om skog og skogbruk i fylket.

Rekneskapan vart samrøystes godkjent.

SAK 4 VAL OG FASTSETJING AV TILLITSVALDEGODTGJERSLER

Innstillinga frå valnemnda vart opplesen av leiar Arnt Magne Paulen og vala gjennomførde av møteleiaren.
Styremedlem: Oddbjørn Reme (vald for Terje Engvik)
Styremedlem: Merete Larsmon (attval)
Styremedlem: Anders Lorentzen (på val i 2026)
Styremedlem: Tom Idar Kvam (på val i 2027)
Styremedlem: Erlend Herstad (vald av fylkeskommunen)
1. vara: Jakob Devik (attval)
2. vara: Olav Høyheim Einan (vald for Rolf Inge Torstad)
Revisorar: Ole Johnny Stubhaug og Asbjørn Grindedal (vald for Jarl H. Devik og Leif Magne Aarnes)
Styreleiar: Merete Larsmon (for Terje Engvik)
Nestleiar: Oddbjørn Reme (for Merete Larsmon)

Av godtgjersle var forslaget frå valnemnda å halde det som før.

Ved stemmegiving var det einstemmig for innstillinga frå valnemnda, og det vart vedteke.



Deltakarar frå årsmøte under det nye Grindbygget på Leira i Brandsøy.

I valnemnda går Magnus Mo ut etter 3 års funksjonstid, og årsmøtet foreslo Terje Engvik som ny medlem i valnemnda. Han takka ja og vart samrøystes vald.

Valnemnda er etter vala sett saman av: Mette Marie Heiberg (leiar), Torgrim Østgaard og Terje Engvik.

SAK 5 INNFORING AV GODTGJERSLE TIL REVISORANE

Styret har lagt fram forslag om 1.000 kr i fast godtgjersle til revisorane, og ved trong for fysisk møte i samband med revisjonsarbeidet gjeld same reglar for møte- og reise-godtgjersle som for styremedlemmane.

Forslaget vart samrøystes godkjent

Etter vala på årsmøtet har styret denne samansetninga:
Merete Larsmon, leiar (på val som styremedlem i 2028)
Oddbjørn Reme, nestleiar (på val som styremedlem i 2028)
Anders Lorentzen, styremedlem (på val som styremedlem i 2026)
Tom Idar Kvam, styremedlem (på val som styremedlem i 2027)
Erlend Herstad (oppnemnd av fylkeskommunen)
Varamedlemmer (på val kvart år):
1. vara: Jakob Devik
2. vara: Olav Høyheim Einan
Personleg varamedlem for Erlend Herstad: Bjarte Buttedal (oppnemnd av fylkeskommunen)

Jan Myklebust

Jan Myklebust

Ida Øie

Ida Øie

Merete Larsmon

Merete Larsmon

Ruben R. Bøtun

Ruben R. Bøtun


Løyvingar til skogsvegar og ferdiggodkjendte vegar i Sogn og Fjordane 2025

Kommune	Vegnamn	Veg-klasse	Tal inter-essentar	Løyving 2025	Utbetalt 2025	Kostnad	Tilskot	Tilskots-prosent	Bruer	Nyanlegg				Ombygging				Godkjend	
										Lengde (m)	Kostnad	Tilskot	kr per meter	Lengde (m)	Kostnad	Tilskot	kr per meter		
Kinn	Purkehola II	4	Barmarksveg	1	180 000	210 000	1 950 000	480 000	25	0	925	1950000	480000	2108	0	0	0	0	2025
Hyllestad	Sagavegan	7	Standard traktorveg	1	-46 084	233 216	661 000	233 216	35	0	450	661000	233216	1469	0	0	0	0	2025
Hyllestad	Åsvegen	5	Barmarksveg for tømmerbil utan hengar	1	-7 500	0	45 000	22 500	50	0	12	45000	22500	3750	0	0	0	0	2025
Hyllestad	Kyrkjefjellsvegen	5	Barmarksveg for tømmerbil utan hengar	3	190 000	190 000	321 330	190 000	59	0	184	321330	190000	1746	0	0	0	0	2025
Hyllestad	Skogsveg Heggebø	7	Standard traktorveg	1	44 997	0													
Vik	Brekkevegen	7	Standard traktorveg	6		78 000	130 000	78 000	60	0	95	130000	78000	1368	0	0	0	0	2025
Vik	Veg til velteplass	8	Enkel traktorveg	1	76 910	76 910	170 911	76 910	45	0	50	85456	38455	1709	50	85456	38455	1709	2025
Vik	Feiosvegane	4	Barmarksveg	13	2 000 000	2 336 205													
Vik	Steimslivegen	4	Barmarksveg	10		96 000													
Sogndal	Klyperabbvegen	5	Barmarksveg for tømmerbil utan hengar	1	223 703	223 703	447 406	223 703	50	0	229	447406	223703	1954	0	0	0	0	2025
Sogndal	Kjelkesteinane	4	Barmarksveg	1	74 300	74 300	148 600	74 300	50	0	0	0	0		1350	148600	74300	110	2025
Lærdal	Vindedalen skogsveg	4	Barmarksveg	1	240 369	240 369	801 230	240 369	30	0	800	801230	240369	1002	0	0	0	0	2025
Årdal	Ombygging Fornabu	8	Enkel traktorveg	1	25 200	25 092	104 550	25 092	24	0	0	0	0		230	104550	25092	455	2025
Luster	Halvrun Skogsbilveg	4	Barmarksveg	1	60 000														
Luster	Stemingamarki	7	Standard traktorveg	1	90 000														
Luster	Sørheim Skogsveg (Tidl. 42/1)	4	Barmarksveg	2	192 000														
Askvoll	Liavegen, Parsell Støslivegen	7	Standard traktorveg	3	-13 500														
Fjaler	Baselivegen	7	Standard traktorveg	1	-22 164														
Fjaler	Nipa	3	Heilårsveg	1	-167 400														
Fjaler	Storehaugvegen	3	Heilårsveg	1	-10 000														
Fjaler	Novavegen	8	Enkel traktorveg	1	51 000	51 000	255 228	51 000	20	0	1895	255228	51000	135	0	0	0	0	2025
Fjaler	Holmanevegen	4	Barmarksveg	1	200 000	200 000	636 376	200 000	31	0	0	0	0		750	636376	200000	849	2025
Fjaler	Leitehaugvegen	3	Heilårsveg	1	570 000	570 000	1 140 000	570 000	50	0	0	0	0		692	1140000	570000	1647	2025
Fjaler	Einahaugsvegen	5	Barmarksveg for tømmerbil utan hengar	1	50 651	50 651	293 175	50 651	17	0	0	0	0		1436	293175	50651	204	2025
Fjaler	Eikevikvegen	3	Heilårsveg	2		750 682													
Sunnfjord	Blåbærhaugvegen	7	Standard traktorveg	1	-231 140	0	669 800	468 860	70	0	620	669800	468860	1080	0	0	0	0	2025
Sunnfjord	Velteplass Bukkeskorvegen	4	Barmarksveg	1	200 000	200 000	400 000	200 000	50	0	0	0	0		35	400000	200000	11429	2025
Sunnfjord	Kapstadvegen	4	Barmarksveg	3	494 190	804 000													
Sunnfjord	Stoavegen	4	Barmarksveg	1	137 000	136 950	273 900	136 950	50	0	60	273900	136950	4565	0	0	0	0	2025
Stad	Kambevegen	7	Standard traktorveg	1		28 759	539 396	115 037	21	0	190	539396	115037	2839	0	0	0	0	2025
Stad	Nausavegen	4	Barmarksveg	7		0	875 572	486 000	56	0	0	0	0		1438	875572	486000	609	2025
Stad	Rotveltevegen II	4	Barmarksveg	4		315 000													
Gloppen	Liabakkvegen	4	Barmarksveg	14	1 900 000	0													
Stryn	Skogsbilveg Stauri	4	Barmarksveg	1		476 160	744 354	476 160	64	0	357	744354	476160	2085	0	0	0	0	2025
Stryn	Skogsveg Tonningkamben	4	Barmarksveg	2	50 995	0													
Stryn	Skogsveg Hammer	4	Barmarksveg	1	200 000	180 000													
				6 753 527	7 546 997		10 607 828	4 398 748		0	5 867	6 924 100	2 754 250	1180	5 981	3 683 729	1 644 498	616	20

Adresseliste skogansvarlege Vestland

Statsforvaltaren i Vestland	Kontaktperson	E-post
	Dirk Kohlman	dirk.kohlmann@statsforvalteren.no
	Gro Kampp Hansen	gro.hansen@statsforvalteren.no
	Torkel Hofseth	torkel.hofseth@statsforvalteren.no
	Turid Digernes Eikås	turid.eikas@statsforvalteren.no
	Torleiv Skage	tskag@statsforvalteren.no
	Torgrim Østgård	toost@statsforvalteren.no

Kommune	Kontaktperson	E-post
Askvoll, Fjaler, Hyllestad	Kenneth Aaland	kenneth.aaland@askvoll.kommune.no
Bremanger	Bjørn H Marthinussen	bhm@bremanger.kommune.no
Gloppen, Stad	Karoline Bjerkeset	karoline.aldis.bjerkeset@gloppen.kommune.no
Gulen, Solund	Håvard Tveit	havard.tveit@gulen.kommune.no
Høyanger	Randi Dale	randi.dale@hoyanger.kommune.no
Kinn	Magnus Frøyen	magnus.froyen@kinn.kommune.no
Luster, Årdal, Lærdal, Aurland	Arne Kristian Borger	arne.kristian.borger@luster.kommune.no
Stad	Lindis B. Østgård	lindis.ostgard@stad.kommune.no
Stryn	Sigbjørn Rolandsen	sigbjorn.rolandsen@stryn.kommune.no
Sunnfjord	Henning Malones	sverre.henning.malones@sunnfjord.kommune.no
Sunnfjord	Oddbjørn Sellevoll	oddbjorn.kare.sellevoll@sunnfjord.kommune.no
Vik, Sogndal	Ida Øie	ida.oie@sogndal.kommune.no



Arne Kristian Borger (Luster) initierte til kappekurs i Luster i januar.



Frå skogdag med fokus på taubane og skogplanting i Stryn

Drift i vanskeleg terreng 2025

Kommune	Tal drifter	Volum (m ³)	Totale driftskostnader (kr)	Driftskostnad per m ³	Utbetalte tilskot (kr)	Tilskot (kr/m ³)
Gulen	2	491	272 106	554	99 840	203
Høyanger	2	7 627	2 739 000	359	1 068 092	140
Vik	3	2 300	1 205 453	524	495 600	215
Sogndal	1	2 200	761 847	346	616 000	280
Sunnfjord	7	2 933	1 849 698	631	332 090	113
Stad	10	5 638	3 177 430	564	621 293	110
Stryn	4	1 563	937 800	600	219 492	140
Totalsum	29	22 752	10 943 334	481	3 452 407	152

Årsmelding for skogkulturen og anna skogsnadder i Sogn og Fjordane 2025

2025 vil antakeleg bli hugsa som eit år med høge nominelle tømmerprisar der sagtømmer gran ei stund var over 1000 kr/m³.

Det har vore innmålt eit volum på om lag 600 000 m³ i Vestland (596 000 m³ i 2025). Sogn og Fjordane gjorde eit lite hopp i innmålt volum og landa på 236 000 m³. Skogkulturen ligg eit eller fleire år etter hogsten, for Sogn og Fjordane utgjorde ny- og suppleringsplanting 662 000 planter i 2025. Næringsaktørane sender inn gode lister over aktivitet og det kan sjå ut som at plantetalet er høgare enn kva statistikken syner. Skogeigarane kan søke tilskot og refusjon via skogfondet sitt i investeringsåret eller påfølgjande år for skogkultur.

Statsforvaltaren har over fleire år vore kritiske til utføringa av plantearbeidet der skogeigar leigar inn arbeidskraft gjennom næringsaktørane. Det blir hyra inn underentreprenørar med arbeidarar som normalt kjem frå utlandet. Det å sikre betre rutinar for planting av gran har vore eit fokusområde hjå Statsforvaltaren for å sikre betre forutsetningar for overleving i plantefelta. Det går kort og godt ut på å få planta djupt nok ned i jorda så ikkje rotklumpen står høgt i strø- og humuslag og er sårbar for tørke på våren og tidleg sommar. Spesielt inne ved stubbane er det eit tjukt strølag som krevst at ein nyttar hullpipa aktivt for å skave vekk topplaget. Rotklumpen må godt ned i jorda, gjerne så djupt at jord dekker 2 cm over rotklumpen. Næringsaktørane har gjeve tilbakemelding om at dei vil gjere tiltak for å betre kvaliteten på plantearbeidet denne skogkultursesongen. Alle tiltak der skogeigar krev tilskot og bruk av skogfond skal vere fagleg forsvarleg utført og dette er noko som framleis vil ha fokus i 2026.

Statsforvaltar sin agenda er at alle skogeigarar bør nytte kraftige plantar. Dessverre har det hendt at skogeigarar som tingar M60-planter ikkje får umiddelbar levering av plantar då det ikkje finst tilgong nok i planteskulane. Det er bra at spurnaden aukar etter stort plantemateriale og det er beklageleg at planteskulane ikkje har god nok kapasitet til å effektivt utføre dette på sitt produksjonsområde.

Det vert ikkje plassert ut barkebillefeller i 2026. Barkebillebestanden har vore overvaka i 3 år no og i 2025

var det plassert ut 7 feller i Nordfjord. Det var veldig lite fangst i fellane, berre nokre enkeltindivid. Konklusjonen etter 3 år med overvaking er at det er eit betydeleg funn i Indre Sogn i fangståret 2024. Klima i Indre Sogn er kanskje meir til fordel for den store granborkbilla. Det er inga grunn til bekymring for at populasjonen skal auke i stor grad, men ein må følgje med på skogen og sunnheit i tida framover.

Stormen Amy som herja hausten 2025 har igjen flytta fokus til stormskader på skog. I Sogn og Fjordane er det enkelte lokale område med store skader, stort sett i indre fjordarmar. Kommunane hadde eit webinar med Skogbrand i mars i år og snakka om skogforsikringar. I snitt er 12 % av det produktive skogarealet i Vestland stormforsikra. Det er framleis ei billeg forsikring, spesielt viss det blir finansiert av midlar på skogfondet. Ein faktura på kr 1000,- kan for ein skogeigar med verksemdsskattlegging vere eit reellt utlegg på under kr 100,-.

Torgrim Østgård, seniorrådgjevar, Statsforvaltaren i Vestland

Skogdag med fokus på planting etter hogst i Sunnfjord i oktober.



Nyplanting og suppleringsplanting 2025

KOMMUNE	TILTAK	ANTALL	AREAL	KOSTNAD	TILSKUDD
4602 - Kinn	SUPPLERINGSPLANTING	500	8	4 500	3 160
4637 - Hyllestad	NYPLANTING	9 300	33	75 864	26 649
4638 - Høyanger	NYPLANTING	5 000	25	40 000	20 000
	SUPPLERINGSPLANTING	4 200	20	37 800	26 730
4640 - Sogndal	NYPLANTING	80 287	401	773 260	356 521
	SUPPLERINGSPLANTING	500	5	3 700	2 960
4644 - Luster	NYPLANTING	3 000	12	29 400	21 756
	SUPPLERINGSPLANTING	29 275	139	267 131	188 481
4645 - Askvoll	NYPLANTING	6 250	28	61 200	36 253
4646 - Fjaler	NYPLANTING	18 253	79	133 950	56 593
	SUPPLERINGSPLANTING	12 110	174	116 755	81 926
4647 - Sunnfjord	NYPLANTING	228 735	1 036	2 222 783	664 057
	SUPPLERINGSPLANTING	13 360	120	145 640	109 570
4648 - Bremanger	NYPLANTING	500	2	3 850	1 154
4649 - Stad	NYPLANTING	45 350	192	412 540	196 388
	SUPPLERINGSPLANTING	1 500	36	13 500	9 482
4650 - Gloppen	NYPLANTING	101 625	408	956 128	460 439
	SUPPLERINGSPLANTING	7 500	48	73 770	50 321
4651 - Stryn	NYPLANTING	94 050	478	916 530	273 152
	SUPPLERINGSPLANTING	800	22	6 950	3 457

Ungskogpleie 2025

KOMMUNE	TILTAK	AREAL	KOSTNAD	TILSKUDD
4639 - Vik	UNGSKOGPLEIE	16	10 400	7 280
4640 - Sogndal	UNGSKOGPLEIE	226	138 850	97 195
4644 - Luster	UNGSKOGPLEIE	126	70 870	42 569
4647 - Sunnfjord	UNGSKOGPLEIE	120	84 850	42 425
4650 - Gloppen	UNGSKOGPLEIE	39	29 750	14 875
4651 - Stryn	UNGSKOGPLEIE	64	37 338	18 668

Andre skogkulturtiltak 2025

KOMMUNE	TILTAK	ANTALL	AREAL	KOSTNAD	TILSKUDD
4647 - Sunnfjord	ETABLJULETREP.OD.	2 408	5	57 400	
4647 - Sunnfjord	FLATERYDDING		9	5 400	2 700
4650 - Gloppen	FLATERYDDING		49	14 000	0
4647 - Sunnfjord	MARKBEREDNING		17	9 350	4 675

Årsmelding Skog i Sogn 2025

Den interkommunale skogforvaltninga i indre og midtre Sogn er organisert som eit samarbeid for dei sju kommunane Luster, Sogndal, Vik, Høyanger, Årdal, Lærdal og Aurland. Ein har fått samla ressursane i regionen på tre stillingar (2,6 årsverk). Høyanger kommune er ute av samarbeidet frå 2026.

Ida Øie (100 % stilling) har hatt ansvar for Vik og Høyanger kommunar medan Andreas Stenmark (100 % stilling) har ansvaret i Sogndal kommune. Tilsvarande har Arne Kristian Borger ansvar for Luster, Årdal, Lærdal og Aurland i 60 % stilling.

Skog i Sogn har og i 2025 samarbeid med Skogselskapet Sogn og Fjordane og AT Skog (no Framtre) som har vore den dominerande tømmerkjøparen i distrikta våre.

SKOGSDRIFT

Statistikk for avvirkning viser at det blei omsett 35 446 m³ (34 625 m³ i 2024) av virke. Av dette er 35 330 m³ gran og 16 m³ furu medan 100 m³ er vedtømmer av bjørk. Noko av forklaringa på at lite furu vert hogd er framleis utgåtte skogbruksplanar og miljødelen til desse. Då er dei ikkje lenger gyldige og tømmeret kan ikkje kjøpast av aktørar som oppfyller PEFC-standarden. Fyrstehandsverdien på alt virke er omlag kr 28 130 491 (kr 21 262 298). Kommunane Vik, Sogndal og Luster har til saman avverka rundt 10 000 m³ kvar av total kubikkmasse.

SKOGKULTUR

26 skogeigarar (27) har hatt aktivitet med skogkultur i kommunane Vik, Luster, Sogndal og Høyanger. Det er innan tilskotsforvaltninga gjeve tilskot på til saman 88 287 stk. granplanter (77 450 stk.). Plantinga i heile Skog i Sogn sin region svarar til 438 daa (365 daa) med plantemark. Det er i tillegg sett ut 33 475 stk. gran (7000) som suppleringsplanter.

Oversikt over ferdiggodkjente skogvegprosjekt i 2025:

Vegnamn	Lengde omb. m	Lengde, ny m	Kostnad kr	Statstilskot kr
Steimslivegen, kl. 4, Vik	0	3156	2313800	960000
Brekkevegen, kl. 7, Vik	0	95	130000	78000
Veg velteplass, kl. 8, Vik	50	0	170911	76910
Vindedalen skogsveg, kl. 4 Lærdal	0	800	801230	240369
Klyperabbvegen, kl. 5, Sogndal	0	229	447406	223703
Kjelkesteinane, kl. 4, Sogndal	1350	0	148600	74300
Fornabu, kl. 8, Årdal	230	0	104550	25092

Det har vore utført ungskogpleie på 368 daa (138 daa). Det er ikkje utført markriving for naturleg forynging av furu. I 2023 var talet på heile 600 daa og elles 0 daa og i 2024. Summen av kostnad for skogkultur har vore på kr 1 367 710 og tilskotet til dette på kr 690 327.

VANSKELEG TERRENG

Det er utbetalt til saman kr 2 179 692 (kr. 186 000 i 2024) på taubanedrifter hjå seks skogeigarar.

SKOGSVEGBYGGING

Dei ferdiggodkjende anlegga i 2025 er i tabellen under. I 2025 er det betalt ut totalt kr 1 678 374 (kr 2 654 546) i statstilskot til sju skogsvegar.

RESULTATKONTROLL OG FORYNGINGSKONTROLL

Det har vore trekt ut 8 felt (og 8 i 2024) for resultatkontroll i dei sju kommunane.

Når det gjeld drifter over 250 m³ der det ikkje er registrert planting innan tre år, skal kommunen følgje opp dette med ein foryngingskontroll. To skogeigarar har stått på denne lista i 2025.

KURS, FAG- OG SKOGDAGAR

Motorsagkurs er alltid populært. Det har vore arrangert i alt 7 (5) motorsagkurs der Skog i Sogn har vore involvert i arrangering av kursa eller bidrege med rentemidlar. Elles tre kurs i opprydding av vindfelt skog.

Skog i Sogn har elles vore med å arrangere eller vore til stades og gjeve informasjon på 5 kveldsmøte/skogdagar delvis i samarbeid med At-skog og Skogselskapet. All aktivitet på dette feltet er elles knytt opp til Facebook-sida Skog i Sogn.



Ny skogsbilveg i Vindedalen, Lærdal



Halrun på Hafslo, stordrift med uttak av 5000 kbm gran.



Kappekurs i Balestrand, januar 2025



Kjempeedelgran på Kaupanger.

AMY

Stormen Amy i haust felte mykje skog ulike stader i vår region. Dei som peikar seg ut er Ofredalen i Årdal, Vindedalen i Lærdal og Stedjeåsen i Sogndal, der mykje har blåst ned. Spesielt Vindedalen skil seg ut i storleik. Det er

elles mange mellomstore og mindre felt som har fått smake Amys si styrke. Dette viser kor viktig det er å forsikre skogen.

Gaupne 08.01.2025

Arne Kristian Borger Ida Øie Andreas Stenmark

Årsmelding 2025 - skogbruket i Sunnfjord kommune

Aktiviteten i skogbruket held seg på eit høgt nivå i Sunnfjord kommune. Hogst/omsetting av tømmer ligg no på kring 70 000 m³. Aktiviteten på skogkultur har auka i lag med hogsten.

I 2025 har det vore jobba mykje med skogbruksplanprosjektet i Sunnfjord kommune. Vi har lykkast bra med å nå ut med informasjon til skogeigarane om skogbruksplan med miljøregistreringar. Det er god plan bestilling, men framleis er det mange skogeigarar som absolutt burde ha skogbruksplan som ikkje har bestilt.

SKOGKULTUR:

Kring 70 skogeigarar har utført/fått utført skogkulturarbeid i 2025.

Nyplanting	228 735 planter	1 036 daa
Suppleringsplanting	13 360 planter	120 daa
Etablering av juletreproduksjon	2 408 planter	5 daa
Ungskogpleie, rydding og avstandsregulering i plantefelt		120 daa
Markriving		17 daa
Flaterydding/tilrettelegging av foryngingsfelt		9 daa

Totale kostnader/investeringar i skogkultur kr 2 525 422. Samla utbetalt tilskot kr 803 427 (NMSK kr 735 819 og tettare planting kr 87 608)

PROSJEKT JOB:U:

Skogselskapet i Sogn og Fjordane har også i 2025 gjennomført JOB:U Sommarjobb for ungdom, eit rekrutteringsprosjekt for ungdom (alder 15-25). Sunnfjord kommune var også i år med i prosjektet. Vi nytta kr 20 000 av rentemidlar frå skogfond til delfinansiering. Gjennom sommaren fekk arbeidslaget på 4 ungdomar auka kompetanse/kunnskap om skogbruk og skogkultur gjennom kurs/opplæring og praktisk ungsogopleie.

Det blei gjennom prosjektet, utført ungsogopleie (avstandsregulering og lauvrydding) hjå 5 skogeigarar. Samla areal blei 76 daa.

Vi opplever fornøgdde skogeigarar og har med sjølvsyn sett at arbeidet til ungdomane er godt utført.

SKOGSDRIFT:

Det er levert 74 097 m³ tømmer. Treslagsfordelinga er 73 704 m³ gran og berre 392 m³ furu. Gjennomsnittspris for gran kr 784/m³, og for furu kr 682/m³. Samla bruttoverdi på alt levert virke er på kr 58 014 699.

Rapportert sal av juletre 1 661 stk.

Det er løyvd og utbetalt kr 332 090 i tilskot (2 933 m³) til drift i vanskeleg terreng. 4 drifter med tung taubane og 3 drifter med lett traktormontert slepebane. Samla driftskostnader på desse 7 driftene kr 1 849 698

SKOGSVEGAR:

Avslutta skogsvegprosjekt i 2025 med tilskot:

Blåbærhaugvegen 620 m, vegklasse 7.	Kostnad 669 800. Utbetalt tilskot kr 468 860.
Velteplass Bukkeskårvegen 1 500 m ² nyanlegg vegklasse 3/4.	Kostnad 400 000. Utbetalt tilskot kr 200 000.
Stoavegen. 60 m vegklasse 4 (veg og oppstilling taubane).	Kostnad 273 900. Utbetalt tilskot kr 136 950.

Avslutta/ferdigbygde skogsvegar (16 stk.) utan tilskot:

Vei	Lengde/type	Vegklasse
Gjeilavegen	720 m, nyanlegg	7
Stolen/Boskargjelet	390 m, nyanlegg	8
Bukkekvivegen	200 m, nyanlegg	8
Soliddunkvegen	1380 m, nyanlegg	8
Vikahaugvegen	900 m, nyanlegg	8
Slåttelivegen 1	220 m, ombygging	7
Slåttelivegen 2	270 m, ombygging	8
Vedabrotvegen	620 m, nyanlegg	8
Setegjerdsvegen	350 m, ombygging	4
Helebostvegen 1	810 m, ombygging	5
Helebostvegen 2	650 m ombygging	8
Slåtteelvsvegen	710 m ombygging	8
Olav-vegen	130 m nyanlegg	7
Bjørnshamarvegen	311 m nyanlegg	8
Storfuruvegen	980 m nyanlegg	8
Øyagrovsvegen	650 m ombygging	4

Byggesøknader:

Det er søkt om og gjeve byggeløyve til 40 veganlegg i 2025 (39 ikkje ferdigmeldt)

Type	Samla lengde
19 nyanlegg i klasse 8	3 249 meter
8 nyanlegg vegklasse 7	1 860 meter
5 vegar ombygging til klasse 7	2 360 meter
4 vegar ombygging til klasse 4	1 012 meter
4 nyanlegg klasse 4	339 meter

SKOGSKADER:

Det er også i 2025 observert/kartlagt, og motteke meldingar om skader av snutebille, tørre planter og beiteskadar på plantefelt. Avgangen i mange plantefelt er alt for stor og det er, som før, snutebilla som skapar dei største utfordringane i mange av felta.

I oktober førte stormen Amy til at det blei ein del stormfelling av skog. Stormen trefte ulikt i Sunnfjord, og samla sett blei det ikkje eit veldig stort omfang med stormfelling, men enkelte skogeigarar blei likevel hardt råka.

KURS/ARRANGEMENT:

- Skogdag/kappedag i Naustedalen 7. februar (Skogselskapet)
- Informasjonskveld om skogbruk (skogbruket i Sunnfjord kommune) for politikarar 26 februar. Synleggjering av skogbruksnæringa og verdiskapinga (Skogselskapet).
- Kurs i bruk og stell av motorsag for ungdom i Gaular 24.-25. april (i regi av Viksdalen nærmiljøråd).

- Skogdag på Mo 7. mai. Tema ungsogopleie og planting (Skogselskapet).
- Kurs i bruk og stell av motorsag for ungdom på Jølster 26.-27. august (organisert av Torbjørg Grimsbø Eskeland)
- Kurs i ungsogopleie på Mo 25. september (Skogselskapet).
- Skogkveld i Angedalen 22. oktober. Tema drift med taubane (Skogselskapet)
- Skogdag for skogeigarlaget i Nord-Gudbrandsdalen og skogbrukssjefen i Lom og Skjåk 24.-25. oktober. Tema var skogsdrift i bratt terreng (drift med taubane) og skog som vern mot naturfare (Sunnfjord kommune).

SKOGFOND:

Innestående skogfond pr. 31.12.2025: kr 18 515 103.

Januar 2026
Oddbjørn Sellevoll og Henning Malones

Kappekurs i Sunnfjord i februar.



Årsmelding – skogbruket 2025 Gloppen

AVVERKING

2025 har også vore eit år med stor hogstaktivitet i kommunen. Det vart avverka 32 780 m³ totalt i Gloppen i 2025 med ein samla verdi på over 27 mill kr. Sagtømmerandelen var på 78 %. Privat vedproduksjon er helde utanom dette. Gran utgjorde 99 % av total avverkning, altså om lag alt tømmer som vart avverka var gran.

Skogeigarane sette av gjennomsnittleg 11 % av bruttoverdien til skogfond. Det er positivt, då dette er ei avgjerande finansieringskjelde for tiltak og investeringar i skogbruket. Dette er særleg viktig når tilskotsmidlar er avgrensa og ein framover ser at tilskota til mellom anna planting går ned. Ikkje minst er det viktig at det vert sikra midlar til ungsogpleie som skal gjerast nokre år etter etablert forynging.

SKOGKULTUR

Stor hogstaktivitet dei siste åra medfører naturleg nok, stor aktivitet knytt til planting i etterkant. Det har vore planta 101 625 planter på 408 daa. Det har i tillegg blitt utført suppleringsplanting på 48 daa.

Historisk sett har kommunen hatt lite areal der det har vore utført ungsogpleie. Gloppen var også i 2025 med på Skogselskapet sitt JOB:U-prosjekt. I år var det berre lokale

ungdommar som var med, noko som er gledeleg. Dette har medført at det har vore utført ungsogpleie på 39 daa. Ein bør merke seg at dette er berre det som er registrert og søkt tilskot til før årsskiftet. Ungsogpleie er eit viktig tiltak, men diverre lågt prioritert av skogeigarane.

Kommunen sitt inntrykk er at avverka areal i stor grad vert tilplanta, noko som er særst positivt og heilt naudsynt om vi skal sikre råstoff frå skogen også i framtida. Kommunen vurderer at oppfølging på planting frå tømmerkjøpar i tillegg til klåre føringar i PEFC og lovverk, er viktig for at skogeigar skal forynge avverka areal i tillegg til oppfølging og kontrollverksemd frå kommunen si side.

SKOGSVEGAR

Kommunen har handsama nokre søknadar om landbruksveg i løpet av året, men desse er i stor grad knytt til jordbruksaktivitet.

KOMPETANSEHEVING FOR SKOGEIGARANE

Kommunen har eit særst godt samarbeid med Sogn og Fjordane skogselskap som er ein viktig aktør på kompetansehevingssida. Gloppen kommune legg stor vekt på å legge til rette for kompetanseheving i skognæringa og skogselskapet er ein viktig del av dette. Skogselskapet stiller

med fagkompetanse og opplæring, samt at dei er ein pådrivar for å arrangere kurs og fagdagar. Kommunen prioriterer rentemidlar til faste kurs gjennom året då vi ser at dette er viktig for å auke kunnskap mellom anna både om skogfondsordninga og praktisk arbeid i skogen. Vegplanleggarane i skogselskapet er særst viktige både for skogeigarane som treng hjelp til å planlegge skogsvegar, men og for kommunane gjennom eit tett samarbeid for å følgje opp prosjekt under planlegging og bygging. Det å kunne nytte vegplanleggarane i startfasen for å stimulere til større felles vegprosjekt har vore avgjerande for at prosjekta har kome i gang og vidare til realisering.

Vi har gjennomført etter fast modell kappedag på vinterstid og plante- og ungsogpleiedag for skogeigarane i kommunen. I tillegg er det gjennomført motorsagkurs for ungdom i regi av ungdomsskolen, der kommunen nyttar rentemidlar til delvis dekking av kostnader.

Vidare legg vi stor vekt på å nytte nyheitsbrevet frå landbrukskontoret til formidling av aktuelt eller viktig skogstoff enten dette er knytt til kurs, tilskot, lovverk eller anna.

OPPSUMMERING

Det er generelt stor interesse for skog og skogbruk for tida, noko som har ein klår samanheng med prisar og at tømmerkjøparane generelt er aktive og har bruk for råstoff. Det er samstundes stort behov for kunnskapsbygging blant skogeigarane sidan hogst på våre kantar skjer relativt sjeldan på eigedomane. Kunnskap om skogfond er viktig for at skogeigar skal kunne nytte ordninga maksimalt for å finansiere tiltak på eigen eigedom, mellom anna knytt til finansiering av vegbygging og opprusting.

Kommunen er avhengig av eit godt samarbeid med andre aktørar for å kunne auke bevisstheita rundt skog, skogsvegplanlegging og god skogskjøtsel. Kommunen meiner det er viktig at Sogn og Fjordane skogselskap held fram med den gode aktiviteten med kompetanseheving og å vere ein ideell aktør utan kommersielle bindingar for å fremje skogbruket i samarbeid med kommunane.

*Karoline Bjerkeset,
landbruksrådgjevar, landbrukskontoret i Gloppen og Stad.
Lindis Østgård,
utmarksforvaltar, landbrukskontoret i Gloppen og Stad*

Årsmelding – skogbruket 2025 Stad

AVVERKING

I Stad kommune auka avverkinga samanlikna med 2024 og det vart hogd om lag 5000 m³ meir i 2025. Totalt vart det avverka 15 656 m³ med ein samla verdi på 12,6 mill. kr. Sagtømmer utgjorde 61 %. Gran utgjorde 98 % av det som vart avverka. Taubane vart nytta til å avverke om lag 4500 m³, altså i underkant av ein tredjedel samla avverka volum. Kommunen ventar at det vil halde fram med avverkning i bratt terreng også i komande år.

Skogeigarane sette av gjennomsnittleg 9 % av bruttoverdien til skogfond. Dette vurderer kommunen til å vere litt lågt, då tilskota til skogkultur er på veg ned sjølv om tømmerprisen har vore høg og det ikkje har vore like naudsynt med eit større trekk. Ved for lite skogfondstrekk, vert ungsogpleie nedprioritert då det ikkje er midlar på skogfondskontoen om nokon år når det er tid for ungsogpleie i felta. Det er eit kontinuerleg arbeid knytt til å greie å informere og heve kunnskapen om skogfond blant skogeigarane og her er ein også avhengig av at virkeskjøparane medverkar til å gje gode råd til skogeigar.

SKOGKULTUR

I løpet av 2025 vart det nyplanta på 192 dekar og suppleringsplanta på 36 dekar. Det er ikkje registrert noko


ungsogpleieaktivitet i 2025, noko som er synd, då dette er eit viktig tiltak for å auke kvaliteten og robustheita på skogareala våre i kommunen. Stad kommune var deltakar i Skogselskapet sitt JOB:U-prosjekt, men det lukkast ikkje å få tak i relevante søkjarar i kommunen. Kommunen skal ha JOB:U-prosjekt i kommunen i 2026 og vonleg vert det fleire relevante søkjarar slik at ein får gjennomført prosjektet.

SKOGSVEGAR

Det har vore få søknadar om byggjeløyve til skogsveg i kommunen i løpet av 2025, men det er fleire initiativ på gong og det kom inn ein søknad om eit større fellesprosjekt i 2025 som ikkje er ferdig handsama. Denne vegen kjem som resultat av felles skogbruksplan som har blitt utarbeida og fleire kan kome. Utfordringa for at desse vert sett i gong er tilgangen på skogsvegmidlar der dette trengst for å løyse ut vegen.

ANNA AKTIVITET

Kommunen har eit særst godt samarbeid med Sogn og Fjordane skogselskap som er ein viktig aktør på kompetansehevingssida. Stad kommune legg stor vekt på å legge til rette for kompetanseheving i skognæringa og skogselskapet er ein viktig del av dette. Skogselskapet stiller med fagkompetanse og opplæring, samt at dei er ein pådrivar for



Skogdag med fokus på planting og ungsogpleie i Gloppen i april.



Vi har gjennomført etter fast modell kappedag på vinterstid og ungsogopleiedag for skogeigarane i kommunen. I tillegg har det vore gjennomført kurs i bruk i skogbruksplan som ei avslutting på skogtakstprosjektet. Skogeigarane i Stad er generelt bra på å møte opp på kurs, og der det lokale skogeigarlaget spelar ei viktig rolle i å mobilisere. Det er også positivt at lokale bondelag i kommunen sjølve tek initiativ til å få arrangert skogs dagar.

Vi legg stor vekt på å få til relevante skogsamlingar for skogeigarar, dette er viktig for å få opp kunnskapen og interessa for å stelle eigen skog. Vidare legg vi stor vekt på å nytte nyheitsbrevet frå landbrukskontoret til formidling av aktuelt eller viktig skogstoff enten dette er knytt til kurs, tilskot, lovverk eller anna.

OPPSUMMERING

Dei siste åra har interessa for skog vore aukande og det er fleire spørsmål knytt til skog og skogbruk. Likevel trengst det eit kontinuerleg arbeid for å sikre at skogeigarane har god nok kunnskap til å ta dei beste vala for sin skog og sikre at foryngelsesfeltet får riktig stell for at den framtidige skogen skal verte robust og ha høgast mogleg kvalitet.

Kommunen er avhengig av eit godt samarbeid med andre aktørar for å kunne auke bevisstheita rundt skog, skogsvegplanlegging og god skogskjøtsel. Kommunen meiner det er viktig at Sogn og Fjordane skogselskap held fram med den gode aktiviteten med kompetanseheving og å vere ein ideell aktør utan kommersielle bindingar for å fremje skogbruket i samarbeid med kommunane.

*Karoline Bjerkeset, landbruksrådgjevar, landbrukskontoret i Gloppen og Stad.
Lindis Østgård, utmarksforvaltar, landbrukskontoret i Gloppen og Stad*

å arrangere kurs og fagdagar. Vegplanleggarane i Skogselskapet er særst viktige både for skogeigarane som treng hjelp til å planlegge skogsvegar, men og for kommunane gjennom eit tett samarbeid for å følgje opp prosjekt under planlegging og bygging. Det å kunne nytte vegplanleggarane i startfasen for å stimulere til større felles vegprosjekt er viktig for at skogeigarane kan få eit godt beslutningsgrunnlag til å ta ei avgjerd på, noko som har vore gjort i løpet av 2025 og som kan resultere i nye prosjekt framover.



Årsmelding skog i Kinn kommune 2025

SKOGKULTURARBEID:

Det har i år og vore særst låg aktivitet i høve skogkultur i kommunen. Einaste tiltaket som er utbetalt tilskot til er suppleringsplanting i naturleg forynging av furu i eit bestand med 500 plantar.

SKOGSVEGBYGGING:

Det vart ferdigstilt 1 ny skogsveg i 2025. Dette gjeld 925 m bilveg kl 4 med ein godkjend kostnad på kr 1 200 000.

AVVERKING:

I høve føregåande år har hogstaktiviteten har teke seg godt opp i 2025 og det vart totalt avverka 5 203 m³ for sal. Avverka gjeld i all hovudsak gran der 2 000 m³ av dette gjeld avverking av eit felt med sitkagran som skal tilbakeførast til beitemark.

Det avverka kvantumet fordeler seg slik:

Totalt			Sagtømmer			Massevirke		
Volum	Verdi	Pris pr m ³	Volum	Verdi	Pris pr m ³	Volum	Verdi	Pris pr m ³
5 203	3 775 908	726	3 966	3 200 492	807	1 218	575 416	472

Årsmelding Gulen kommune 2025

Ny skogansvarleg tiltrådte i stillingen 1. kvartal 2025.

AVVERKING

I Gulen kommune vart det avverka 867 m³ grantømmer med ein samla verdi på 681 688 kr. Dette er 2,75 gongar så mykje volum som i året før. Kubikkprisen for gran var i snitt 786 kr per m³. Sagtømmerandelen utgjorde om lag 73 %, og massevirke om lag 27 %.

Det vart løyvd og utbetalt totalt kr. 99 840 i tilskot til taubanedrift og drift i vanskeleg terreng.

SKOGKULTUR

Det vart ikkje søkt om tilskot til skogkultur eller skogpleie dette året.

SKOGSVEGAR

Det vart søkt om og gjeve byggeløyve til ein landbruksveg med skogbruksføremaal (klasse 8).



Vegplanleggar Asle Lyslo sjekkar stikkrenne.

Bremanger Skogeigarlag og Bremanger kommune hadde skogdag på Elde

Dato: 24. mai 2025

Tema: Styrregn, skogsvegar og skogeigarforhold

- Ansvarsforsikring hos Skogbrand
- Erstatningspliktig etter bestemmelsene i skadeserstatningsloven.
- Oppsyn av skogsvegen er skogeigar ansvar
- Stikkrenner
- Nye vad i vegbanen

Forelesar: Torkel Hofseth frå Statsforvaltar
Profesjonell veiplanlegger

NVE rapport 1/2019 – Fareindikatorer skogsveibygging.
Gruppen anbefaler at det stilles krav om veiplan utarbeidet av profesjonell veiplanlegger sammen med byggesøknaden i de tilfeller der sårbar bebyggelse eller infrastruktur potensielt kan være utsatt.»

I Normaler for landbruksveier står det:

1.7. Veiplanlegger

En landbruksvei er et omfattende byggverk som er arealkrevende og har spesifikke krav til hva den skal tåle av bruk, både intensitet, mengde og når. Veinormalene er konkrete, men for å sikre et resultat som ivaretar miljø, driftsteknikk, klima, naturfare og økonomi, så kreves et bredt kunnskaps-

grunnlag. En veiplanlegger har forutsetningene til å planlegge/prosjekttere en helhetlig veiløsning. På Skogkurs.no-veiplanleggere er det en oversikt over veiplanleggere. Kommunen kan stille som vilkår at det skal brukes veiplanlegger uavhengig om det bevilges tilskudd.

Brev frå Statsforvaltaren den 24.11.2021

Vurderinga av økonomi, samarbeidsløysingar og planlegging av sjølvvegraséen kan vere krevjande. Mykje av den overordna skogsvegplanlegginga vert difor i hovudsak utført av profesjonelle skogsvegplanleggjarar finansierte gjennom tilskotsmidlane kommunane har til skogsvegar.

I brev frå Landbruks- og matdepartementet den 28.05.2015 Ny landbruksveiforskrift stiller gjennomgående tydeligere krav til at faren for flom, erosjon og løsmasseskred ved veitiltak skal vurderes og tas hensyn til i både planleggingen og i saksbehandlingen knyttet til bygging og ombygging av landbruksveier. Dette er særlig aktuelt ved planlegging og bygging av veier i bratt terreng og under marin grense, og ellers der tiltaket kan medføre risiko for naturskade på bebyggelse og samfunnsviktig infrastruktur. Kommunen kan i slike tilfeller stille vilkår om at veiplanlegger, eller geoteknikk kompetanse brukes i planleggingen av tiltaket.

KJØP SKOGSUTSTYR HOS FAGFOLK!

KONTAKT OSS I DAG FOR GODE TILBUD!



Eiksenteret Førde

Øyrane 5, 6800 Førde – Tlf. 57 83 43 83

EIK
SENTERET

Auka satsing på ungskogpleie i Sogn og Fjordane


Ungskogpleie er stell av ung skog når trea er mellom ca. 1-8 meters høgd. Dette tiltaket sørger for at trea får nok plass, lys og næring, slik at skogen blir sunn, meir stormsterk og gir betre kvalitet når skogen er hogstmoden. Gjennom ungskogpleie fjernar ein uønska tre og buskar, til dømes bjørk eller kratt som veks tett på gran eller furu, slik at framtidstrea slepp unødvendig konkurranse om lys og vatn. Det er også viktig at trea ikkje står for tett, for då vil dei bli tynne og svake som fører til meir skader og mindre kvalitetstømmer seinare.

Ungskogpleie kan utførast med ryddesag, eller med motorsag. I alle kommunane får ein tilskot til ungskogpleie, og om skogeigar har midlar på skogfondkontoen kan ein lønne seg sjølv viss det er eige arbeid, eller ein kan bruke skogfond til å betale eigenandelen til entreprenør. I årsmeldingane til Skogselskapet kan ein hente ut statistikk frå ungskogpleie og nyplanting. Ifølgje dei tala vart det utført mykje ungskogpleie mellom 2009-2013. Men etter det fall aktiviteten betydeleg. Men frå 2019 og framover har det vore ei auke i aktivitet, og spesielt dei tre siste åra har det auka med om lag 100 dekar ungskogpleie kvart år. Me har trua på at denne auka vil halde fram med åra som kjem.

Når skogen er 12 år gammel er den mellom 1-2 meter høg som er ein ideell høgd for å utføre ungskogpleie med ryddesag. I grafen er arealet av 12 år gammel skog lagt inn frå 2021 og fram til 2030. På denne måten kan ein sjå potensialet for ungskogpleie i åra som kjem. I tillegg er det eit stort etter-slep av skog på 5-8 meter høgd (15-20 år etter planting), ettersom det vart utført svært lite ungskogpleie mellom 2014-2020.

I løpet av dei siste 5 åra har Skogselskapet arbeida aktivt for å motivere skogeigarar i Vestland til å auke ungskogpleie-aktiviteten. Det har blitt arrangert skogmøter i felt, digitale skogkveldar, opplæring/kurs og oppsøkande arbeid mot skogeigarar. Det å ta direkte kontakt med skogeigarar er ein god måte for å formidle om at ungskogpleie bør utførast, men er ressurskrevjande, i tillegg er det viktig at det er kompetente arbeidsgjengar eller personar som kan ta på seg arbeidet viss skogeigar ikkje har moglegheit sjølv.

Skogselskapet har som mål at sommarjobb for ungdom-prosjektet «JOB:U» vil føre til at fleire lokale personar kan ta på seg arbeid med å rydde ungskog, og forhåpentlegvis velje både skogutdanning og ei yrkeskarriere innfor skogbruk på Vestlandet.



Ungskogpleie i granskog på Stav i Fjaler, utført av ungdommar.



EIKÅS SKOGBRUK

VI TAR PÅ OSS:


- Hogst
- Framkøyring til bilveg
- Markberedning

EIKÅS SKOGBRUK A.S
Bordvegen 5, 6854 Kaupanger • tlf. 976 48 482 • jarle@eikaas-skogsdrift.no

Skogdag med hogstentreprenør
Jarle Eikås i Sogndalsdalen.



Din lokale leverandør av skogbrukstenester



FramTre (tidlegare AT Skog) er eit skogeigarsamvirke
i Vestland, Rogaland, Agder og Telemark.



Takk for samarbeidet i 2025
til alle skogeigararar, entreprenørar og
transportørar

Fjordtømmer AS jobbar med å utvikle
vestlandsskogbruket:

Satsing på best foryngelse gjennom

Skogreising AS

Samarbeidspartner med tre nye

taubaner i fylket

Saman skaper vi lokale verdier av skogen



Fjordtømmer

T.FRIVIK

Taubanedrift AS

Vi er forhandler for ecoforst GmbH som produserer TWINCH, og for Konrad Forsttechnik GmbH som produserer taubaner, løpekatter, 9 tonns vinsjer for montering på gravemaskiner. Aggregater og hogstmaskiner.



T.FRIVIK
Taubanedrift AS

KONRAD

ONE STEP FURTHER

SOLUTIONS FOR MODERN
TIMBER HARVESTING

<https://www.taubanedrift.no> www.forsttechnik.at

Telefon 906 53 200 | post@taubanedrift.no | www.taubanedrift.no